

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Til kommunestyret i Ulstein

6065 ULSTEINVIK

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR 2025

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ulstein kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 34.901.000,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse pr. 31.desember 2025, oversikt over løyvingar til drift og investering , økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta pr. denne dato og notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein kommune pr. 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna øvrig informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den øvrige informasjon som vert publisert saman med årsrekneskapen. Dette omfattar både den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunen sin årsrapport. Vår konklusjon ovanfor om årsrekneskapen dekker verken informasjon i årsmelding eller anna øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna øvrig informasjon. Formålet er å vurdere om det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna øvrig informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjon av årsrekneskapen, eller korvidt informasjonen i årsmeldinga og anna øvrig informasjon elles framstår som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna øvrig informasjon framstår som vesentleg feil. Vi utalar oss om årsmeldinga og anna øvrig informasjon datert 15.04.2026 og har ikkje noko å rapportere kring dette.

Med bakgrunn i den kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningar som skal vere med i samsvar med gjeldande lovkrav og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer med årsrekneskapen

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

Vi viser ellers til avsnittet «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, slik den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Kommunedirektøren har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målsetting med revisjonen er å oppnå den nødvendige tryggleiken for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den nødvendige tryggleiken er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innan rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen.

I tillegg:

- identifiserer vi og anslår risikoane for vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon, som følge av at misleghald ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleghald kan innebære samarbeid, forfalsking, beviste utelatingar, feil framstillingar eller brot på intern kontroll/rutinar.
- opparbeider oss ei forståing av den intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer om rekneskapsprinsippa som er brukte er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- evaluerer den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettviseande bilde.
- innhentar vi tilstrekkelege og hensiktsmessige revisjonsbevis vedkomande den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, fylgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi aleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren blant anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om forhold

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON KO

av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Balanse og note til årsrekneskapen vedkomande pensjonskostnad viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnader og inga reell fordring.

Uttale om andre lovmessige krav

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som gjev moderat sikkerheit knytt til Ulstein kommune si forklaring om vesentlege budsjettavvik enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Basert på desse handlingane og innhenta bevis er vi ikkje kjent med forhold som gir grunn for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare beskrivelse av kommunedirektøren sitt ansvar og revisor sine oppgåver ved uttale om utgreiing av vesentlege budsjettavvik vert det vist til

www.nkrf.no/revisjonsberetninger – revisjonsberetning nr. 1

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som omtalt ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik 15.april 2026



Halldis Moltu

- oppdragsansvarleg/statsautorisert revisor -